



## Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgode i Vestnes kommune

Fastsett av Vestnes kommunestyre i sak PS-\_\_\_\_ den \_\_\_\_\_ med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) kapittel 8.



midt i blinken

## Innhald

Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og velferdsgode i Vestnes kommune.....	1
Kapittel 1 – Føremål og verkeområde .....	4
§ 1-1 Føremål .....	4
§ 1-2 Verkeområde.....	4
Kapittel 2 – Godtgjersle .....	4
§ 2-1 Berekningsgrunnlag.....	4
§ 2-2 Reise- og kostgodtgjersle .....	4
§ 2-3 Tap av inntekt / påførte utgifter.....	4
§ 2-4 Møtegodtgjersle .....	4
§ 2-5 Godtgjersle til ordførar .....	5
§ 2-6 Godtgjersle til varaordførar.....	5
§ 2-7 Godtgjersle til utvalsleiar i planutval .....	5
§ 2-8 Godtgjersle til andre utvalsleiarar .....	5
Utval .....	5
Promillesats .....	5
§ 2-9 Godtgjersle til medlemmar i utval.....	5
Utval .....	5
Promillesats .....	5
§ 2-10 Godtgjersle til vararepresentantar og nestleiar .....	6
§ 2-11 Godtgjersle til gruppeleiarar .....	6
§ 2-12 Godtgjersle til representantskap og styre .....	6
§ 2-13 Deltaking på kurs, konferansar o.l.....	6
§ 2-14 Folkevaldopplæring .....	6
§ 2-15 Innsending av krav.....	6
Kapittel 3 – Rettar og pliktar for ordførar og varaordførar .....	7
§ 3-1 Ferie.....	7
§ 3-2 Sjukdom/yrkesskade .....	7
§ 3-3 Permisjon.....	7
§ 3-4 Ettergodtgjersle .....	7
§ 3-5 Godtgjersle til etterlatne .....	7
Kapittel 4 – Telefoni, datautstyr og abonnement .....	7
§ 4-1 Telefongodtgjersle (mobil) .....	7
§ 4-2 Internett .....	7
§ 4-3 iPad.....	8
§ 4-4 Kommunal rapport .....	8

Kapittel 5 – Dispensasjon og andre forhold .....	8
§ 5-1 Tolkinger av forskrifta.....	8
Kapittel 6 – Endring, iverksetjing og kunngjering .....	8
§ 6-1 Endring av forskrift .....	8
§ 6-2 Iverksetting.....	8
§ 6-3 Kunngjering .....	8

## Kapittel 1 – Føremål og verkeområde

### § 1-1 Føremål

Føremålet til forskrifta er å regulere rettar og pliktar etter kommunelovens kapittel 8 for folkevalde i Vestnes kommune.

Forskrifta skal tydeleggjere kva kriterium Vestnes kommune legg til grunn for slik godtgjering og utgiftsdekning, og kven som blir omfatta av ordninga.

### § 1-2 Verkeområde

Forskrifta omfattar medlemmar i folkevalde organ og andre politisk valde representantar i ulike råd og utval. Forskrifta omfattar også kommunalt tilsette som møter ut frå partsforhold som er heimla i lov eller avtaler.

Folkevalde har ikkje eit tilsetjingsforhold i kommunen. Folkevalde si godtgjering gjer ikkje rett til feriepengar. Godtgjersle er ikkje å sjå på som løn. Godtgjering og utbetaling av tapt arbeidsinntekt er likevel innberetningspliktig og skattepliktig som inntekt. Det blir trekt skatt i samsvar med skattekort.

Det er den folkevalde sjølv som sender krav til Vestnes kommune om møtegodtgjersle, tapt arbeidsinntekt eller dekning av utgifter omfatta i reglementet.

## Kapittel 2 – Godtgjersle

### § 2-1 Berekningsgrunnlag

All godtgjersle blir rekna ut frå grunnbeløpet i folketrygda (G). Godtgjersla skal justerast 1. mai kvart år.

### § 2-2 Reise- og kostgodtgjersle

Folkevalde får reise- og kostgodtgjersle i samsvar med staten sitt regulativ for reiser. Dette gjeld for politiske møte eller oppdrag pålagt av kommunestyre, formannskap eller ordførar. For folkevalde som er studentar utanfor kommunen blir reiseutgifter (rimelegaste alternativ) dekt etter rekning.

### § 2-3 Tap av inntekt / påførte utgifter

Dokumentert tap av inntekt / påførte utgifter blir dekt med inntil 3000,- pr. dag. Den tillitsvalde må sjølv sende inn krav til Vestnes kommune. Tap av inndeckt skal være dokumentert frå arbeidsgjevar. Dersom arbeidsgjevar gjer permisjon med løn, kan arbeidsgjevar sende refusjonskrav til Vestnes kommune for løna.

Næringsdrivande (som ikkje har nokon arbeidsgjevar) må og dokumentere sitt eventuelle inntektstap. Føregåande års likning og personinntekt skal då som hovudregel leggst til grunn. Denne blir dividert med 260 arbeidsdagar eller 1800 timar som vil gje ein dagsats og ein timesats som kan krevjast refundert. Maksimalsats 3000,- pr. dag.

Ekstra utgifter til barnepass, tilsyn av eldre/funksjonshemma eller tilsyn med næringsverksemd, kan søkjast dekt med inntil 300,- pr. time. Maksimalsats 1500,- pr. møte.

### § 2-4 Møtegodtgjersle

Dersom medlemmen same dag deltek i fleire møte i forskjellige utval, skal vedkommande ha rett til like mange møtegodtgjersler som møte.

Det blir ikkje utbetalt møtegodtgjersle for gruppemøte, fraksjonsmøte eller andre møte i partia.

Møtegodtgjersla skal også dekke for- og etterarbeid til møte.

### § 2-5 Godtgjersle til ordførar

Ordførar i Vestnes er ordførar på heiltid og skal ha ei fast godtgjersle på 9,5 G (grunnbeløp i folketrygda). Godtgjersla blir regulert pr. 1 mai kvart år. Godtgjersla gjer ikkje rett til feriepengar og blir utbetalt i 12 like månadsratar. Ordførar er innmeldt i kommunen si pensjonsordning. Ordførar mottok ikkje møtegodtgjersle.

### § 2-6 Godtgjersle til varaordførar

Varaordførar i Vestnes skal ha ei fast godtgjersle på 25 % av ordførar si godtgjersle. Godtgjersla blir regulert 1. mai kvart år. Godtgjersla gjer ikkje rett til feriepengar og blir utbetalt i 12 like månadsratar. Varaordførar mottok ikkje møtegodtgjersle.

### § 2-7 Godtgjersle til utvalsleiar i planutval

Utvalsleiar i planutvalet skal ha ei fast godtgjersle på 8 % av ordførar si godtgjersle. Godtgjersla blir regulert 1. mai kvart år. Godtgjersla gjer ikkje rett til feriepengar og blir utbetalt i 12 like månadsratar. Utvalsleiaren mottok ikkje møtegodtgjersle for møta i utvalet han er leiar for. Utvalsleiar må i tillegg rekne med "tilsvarande meirarbeid," for deltaking i andre møte og representasjon gjennom året der han/ho er direkte vald og/eller er invitert til ulike møte på grunnlag av si leiarrolle i utvalet. Dersom nestleiar leiar eit møte, få han/ho dobbel møtegodtgjersle.

### § 2-8 Godtgjersle til andre utvalsleiarar

Godtgjering til andre utvalsleiarar blir rekna ut frå ein promillesats av ordførar si årsgodtgjersle vist i tabellen under.

Utval	Promillesats
Administrasjonsutval	2 ‰ pr. møte
Ad Hoc-utval	2 ‰ pr. møte
Sakkunnig nemnd	2 ‰ pr. møte
Sakkunnig ankenemnd	2 ‰ pr. møte
Kontrollutval	2,4 ‰ pr. møte
Eldreråd	1 ‰ pr. møte
Råd for funksjonshemma	1 ‰ pr. møte
Ungdomsråd	1 ‰ pr. møte

### § 2-9 Godtgjersle til medlemmar i utval

Godtgjering til medlemmar i utval blir rekna ut frå ein promillesats av ordførar si årsgodtgjersle vist i tabellen under.

Utval	Promillesats
Formannskap	2 ‰ pr. møte
Planutval	2 ‰ pr. møte
Kommunestyre	1,5 ‰ pr. møte
Sakkunnig nemnd	1 ‰ pr. møte
Sakkunnig ankenemnd	1 ‰ pr. møte
Kontrollutval	1 ‰ pr. møte
Valstyre	1 ‰ pr. møte
Administrasjonsutval	1 ‰ pr. møte
Næringsfondsutval	1 ‰ pr. møte

Ad Hoc-utval	1 ‰ pr. møte
Eldreråd	0,5 ‰ pr. møte
Råd for funksjonshemma	0,5 ‰ pr. møte
Ungdomsråd	0,5 ‰ pr. møte

### § 2-10 Godtgjersle til vararepresentantar og nestleiar

Møtande vararepresentantar får same godtgjersle som faste medlemmar.

Nestleiar har same godtgjersle som medlemmar. Om nestleiar fungerer som leiar, får han/ho same godtgjersle som leiar. For planutval får nestleiar dobbelt godtgjersle om vedkommande leiar møte.

### § 2-11 Godtgjersle til gruppeleiarar

Gruppeleiarar får utbetalt ei årleg godtgjering på 0,5 % av ordførar si årsgodtgjersle. I tillegg får dei utbetalt 0,1 % pr. gruppemedlem i kommunestyret.

### § 2-12 Godtgjersle til representantskap og styre

Folkevalde som blir vald inn i representantskap der det ikkje blir betalt ut møtegodtgjering, får ei godtgjersle på 0,5 ‰ av ordførar si årsgodtgjersle pr. møte. Dette må dokumenterast frå gjeldande IKS, AS o.l. Tilsvarande gjeld for representasjon i samarbeidsutval ved grunnskular og kommunale barnehagar.

Folkevalde som blir vald inn i styret for eit IKS, AS o.l. får ikkje møtegodtgjering frå Vestnes kommune så lenge det blir utbetalt styrehonorar.

### § 2-13 Deltaking på kurs, konferansar o.l.

For deltaking på kurs og konferansar og liknande der ein er utsendt av ordførar, eller er oppnemnd av kommunestyre eller formannskap, får ein dekt deltakaravgift, tapt arbeidsforteneste (opp til beløpsgrense), reise, kost og ev. overnatting etter staten sitt regulativ for reiser. Det vert ikkje gitt møtegodtgjersle.

For deltaking på kurs, synfaringar, møte o.l. etter eige initiativ vert ikkje tapt arbeidsforteneste dekt, og det vert ikkje gitt reise- eller møtegodtgjersle.

### § 2-14 Folkevaldopplæring

I byrjinga av kvar valperiode blir det arrangert folkevaldopplæring. Opplæringa skal m.a. omhandle rolla som folkevald og rammene for politisk arbeid. Opplæringa er obligatorisk og deltakarane får refusjon for tapt arbeidsforteneste. Det blir utbetalt møtegodtgjering med lik sats som for kommunestyremøte.

### § 2-15 Innsending av krav

Krav om møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste eller dekning av andre utgifter skal krevjast av kvar enkelt folkevald. Unntak for ordførar, varaordførar, planutvalsleiar og gruppeleiar godtgjersle. Reiserekning skal fortrinnsvis sendast inn via reiserekningsprogrammet Visma Expense.

Utbetaling skjer i samband med ordinær lønskøyning den 12. i månaden. Dette fordrar at reiserekninga er anvist (sluttgodkjent) innan fristen som er den 4. i månaden.

Krav om møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste eller dekning av andre utgifter skal sendast inn seinast innan 6 månader innan kravet har oppstått.

## Kapittel 3 – Rettar og pliktar for ordførar og varaordførar

### § 3-1 Ferie

Ordførar har rett på 5 veker ferie.

Ordførar mottek ikkje feriepengar, og godtgjersla fell derfor ikkje bort i ferieperioden.

Formannskapet skal vere orientert om ferieperioden. Varaordførar trer inn som ordførar ved avvikling av ferie etter nærare avtale med ordførar.

### § 3-2 Sjukdom/yrkesskade

Ved ordførar sin sjukdom trer varaordførar inn som ordførar etter samråd med formannskapet.

Dersom ordførar trer midlertidig ut av vervet, rykkjer varaordføraen opp som ordførar. Ein ny varaordførar skal då veljast midlertidig. Dersom ordførar trer endeleg ut av vervet, skal det veljast ny ordførar.

Varaordførar skal ha ordinær ordførargodtgjersle når han/ho trer inn i vervet.

Ordførar skal etter kommuneloven § 8-8 ha same rett til sjukepengar som tilsette i kommunen.

Ordførar skal etter kommuneloven § 8-9 ha same rett til ytingar ved yrkesskade som tilsette i kommunen.

### § 3-3 Permisjon

Dersom ordførar har permisjon, trer varaordførar inn i vervet som ordførar etter nærare avtale med ordførar. Reglane for permisjon for ordførar følgjer av kommuneloven § 8-10.

### § 3-4 Ettergodtgjersle

Dersom ordføraren ikkje blir attvald, skal ordføraren ha ei ettergodtgjersle ved valperioden sitt utløp på 1,5 månadsgodtgjersle dersom han/ho trer inn i ny stilling og 3 månadsgodtgjersler dersom han/ho ikkje trer inn i ny stilling.

### § 3-5 Godtgjersle til etterlatne

Etterlatne vil vere innlemma i HTA kapittel 1 § 10: Ytingar etter dødsfall/gruppelivsforsikring dersom ordførar dør i ordførarperioden.

Ordførar og varaordførar er medforsikra i Vestnes kommune sin gruppelivsavtale.

Opgjer skjer på lik linje med kommunalt tilsette.

## Kapittel 4 – Telefoni, datautstyr og abonnement

### § 4-1 Telefongodtgjersle (mobil)

Ordførar, varaordførar og planutvalsleiar får dekt telefon etter Vestnes kommune sitt mobilreglement.

### § 4-2 Internett

Ordførar skal ha fri internett, og blir skatta for dette.

### § 4-3 iPad

Kommunestyremedlemmar som ikkje har eigen PC eller iPad som kan brukast i samband med vervet som folkevald, kan få låne iPad av Vestnes kommune.

Denne skal nyttast i vervet som folkevald og skal ikkje utlånast til andre brukarar.

Det skal skrivast under databrukarkontrakt ved utlån av iPad.

### § 4-4 Kommunal rapport

For ordførar, varaordførar, formannskap og kontrollutval blir det teikna abonnement på Kommunal Rapport.

## Kapittel 5 – Dispensasjon og andre forhold

### § 5-1 Tolkingar av forskrifta

Ordførar har fullmakt til å tolke forskrifta.

Ved tvilstilfelle, ved tolkingsproblem eller ved tvistar som gjeld denne forskrifta, kan ordførar legge saka fram for formannskapet.

## Kapittel 6 – Endring, iverksetjing og kunngjering

### § 6-1 Endring av forskrift

Endringar i forskrifta kan berre gjerast av kommunestyret.

### § 6-2 Iverksetting

Forskrifta er gjeldande frå det konstituerande kommunestyremøte i ny valperiode. Frå den tida forskrifta tek til å gjelde, vert tidlegare reglement om godtgjersle oppheva.

### § 6-3 Kunngjering

Forskrifta skal kunngjerast i Norsk Lovtidend.